

nr. 1 - 2013

PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular



MASSE, MASSE ULL!

Dottar av saueull flyg gjennom lufta. Somme landar mjukt på små barnehovud, somme blir stappa effektivt ned ein genserrygg. Vi er på teater for dei minste, og dei likar det som skjer!

TEKST OG FOTO: TOYNI TOBEKK



DET byrjar ganske forsiktig, med ein skodespelar som bles og knipsar små ulldottar rundt i rommet. Leikent og likevel ganske roleg nærmar ho seg og opprettar ein bortimot ordlaus kommunikasjon med dei minste. Somme av barna syg alt som skjer, til seg med blikket, somme vender seg blygt mot mor og far. Men etter kvart er ho der: koplinga mellom barnet og det som skjer der framme på scenegolv. Etter ei stund kastar dei modigaste seg fram og deltek i leiken, og til slutt er golvet fylt med ungar som kastar ull høgt i lufta, rullar rundt, snurrar på rokken og stappar ull i lommene på dei vaksne. — Masse, masse ull, ler dei. — Masse, masse ull!

Ulldotten er eit interaktivt teaterstykk for dei aller minste barna. Å kalle det eit stykke er likevel gjerne ikkje heilt presist. — Dette er eit levande møte mellom menneske. Barna og vi får lov til å vere i eit samspel, og stykket er slik sett ikkje ferdig laga, seier Lena Skjerdal og Henriette Harbitz, som har skapt og framfører Ulldotten. — Her kjem mange inntrykk undervegs, og det må vere rom for ungane til å uttrykke seg.

Dette er ei barnehageframsyning, men stykket

blir også sett opp som ei familiefamsyning. Hendinga går føre seg på golvet eller på ein slik plass at dei kan skape ein nærleik mellom barnet og seg sjølv.

— Vi ønskjer å kommunisere ordlaust med barna, og vi bruker estetiske verkemiddel for å oppnå dette, forklarar Skjerdal. Dei merkar stor skilnad på om dei har framsyning med foreldre til stades, eller om ho finn stad i barnehagen, kor mor og far ikkje er med. Og samstundes er inga framsyning lik den førre, nettopp fordi ho i så stor grad blir styrt av samspelet med barna.

Når ein skal møte dei minste med drama, er ein avhengig av at barna kjenner seg trygge. Derfor er inn-toningsperioden i Ulldotten ganske lang, seier Skjerdal. Det vil seie at dei tek seg godt tid i opptakta til framsyninga, dei kjenner på pulsen til publikummet sitt og etablerer

kontakt på barna sine premissar.

— Eg må bruke tid på å varme dei opp. For meg handlar det også om å kome inn i verda deira, seier Skjerdal, som er den av dei to som er mest synleg til stades i framsyninga.

Somme gonger kjem kontakten fort, somme gonger tek det lengre tid. Denne lyttinga til

stemninga hjå dei små må dei halde fram med gjennom heile framsyninga for å avpasse spenningsnivået. For det skal vere spennande, men ikkje skremmande.

— Det er naturlegvis stor skilnad på barn mellom 1 og 3 år, og somme gonger er det med enno eldre barn viss det er ei familiefamsyning med søsken til stades, seier Skjerdal og Harbitz. Men dei jobbar alltid ut frå livsverda til dei yngste publikummarane.

Det blir brukt få ord og lite effektar under framsyninga. Musikken og songen er forsiktig til stades og drar vekslar på gammal småbarnskultur som sulling, vogging og byssing.

— Vi prøver å vere til stades i barna si livsverd, seier Lena Skjerdal. — Korleis møter vi dei på 1, 2 og 3 år? Verda deira handlar om å smake og å kjenne, og vi er på golvet med dei, der kor det er taktilt, der kor det smakar og luktar.

Harbitz og Skjerdal er bådø lektorar ved Høgskolen i Sogn og Fjordane. Dei har spela Ulldotten sidan 2010 og har reist til Polen og Island med framsyninga. Ulla dei bruker no, har dei med seg frå Island.

ULLDOTTEN:

Interaktivt teater for yngre barn
Spelt i Polen, Island og Noreg
Konsept og skodespel: Henriette Harbitz
Musikk og skodespel: Lena Skjerdal
Dokkemakar: Hege Gjerde



FRITT FRAM: I Ulldotten kan barna hive seg inn i leiken nett slik dei ønskjer. Det er heilt ufarleg – det er jo berre ull!



VESLE BÆ: – No frys ikkje Bæ! Historia spinn rundt den vesle, frosne sauen Bæ, som barna får vere med og setje klede på.



VENNER MED VENGER

Av Erna Osland
Illustrert av Inger Lise Belsvik
Samlaget 2012

Dina oppdagar ein fugl utanfor vindauget sitt ein dag, ein fugl som blir hennar hemmelege ven. Saman med kameraten William byrjar ho å utforske fuglane og skriv det ho finn, ned i ei lita bok. Dette er boka om ei lita jente som blir fuglekikkar, og som undrar seg over alt ho ser i naturen.

Boka er innhaldsrik, med heile 91 sider. Her er ikkje berre den vare og fine historia om Dina, men også fakta om alle dei ulike fuglane og ei oversikt over kva bøker ein kan lese, og kva nettstader ein kan bruke for å finne ut meir om fuglane.

Inger Lise Belsvik, som me kjenner godt frå bøker som Spring, hesten, spring og Jon og den lange julenatta, har teikna 20 norske fuglar og gjeve dei eit eige særpreg som fyller teikningane med liv. Saman med dei gode skildringane vil teikningane gjere det lettare for borna å kjenne att fuglane når dei sjølve skal finne dei.

Boka vil truleg inspirere mange barn til å lære meir om naturen og fuglane – og garantert til å gå ut for å utforske meir på eiga hand. Boka passar best for born mellom 9 og 12 år.

Erna Osland debuterte i 1987 og har skrive mange kritikkarraste bøker både for barn, ungdom og vaksne.



UT AV MUNNEN

Av Berit Oksfjellelv
Illustrert av Jens Kristensen
Mangschou forlag 2012

Berit Oksfjellelv debuterer med denne biletboka, som er illustrert av Jens Kristensen.

I boka får me vere med på ei forunderleg reise, der Billa har ei laus tann som gjer vondt, mor meiner ho må trekkje den, men Billa er ikkje så sikker. Mor bind ein tråd fast i tanna og ber Billa om å trekkje. Billa har ikkje lyst, men til slutt trekkjer ho. Men kva kjem ut? Ikkje tanna, men blæretang!

Plutseleg er tanntrekkinga blitt ei fantasifull reise der Billa badar i havet, og mor er blitt til eit fyrstårn. Ein båt som minner om tv-stolen, kjem også forbi.

Kven har ikkje hatt lyst til å drøyme seg bort når dei har tannverk? At tråden du skal trekkje tanna med, eigentleg er ein ekte gitarstreng, som er funnen i ei skattekiste? Og at tannverk eigentleg er ein trommesolo? Berit Oksfjellelv klarer å ta lesaren med ut i ei fantasiverd der alt er lov, og der tannverken truleg blir lettare å leve med.

Jens Kristensen sine illustrasjonar er gode og levande, i harmoniske fargar henta frå eit maritimt univers.

Berit Oksfjellelv er frilansjournalist og kunststudent. Boka Ut av munnen passar best for born mellom fire og åtte år.

AV: JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

BOKMELDINGAR



PIT PARION

MEDAN VI VENTAR PÅ DEN KULTURELLE BARNEHAGESEKKEN

Barnehagane i Noreg fekk ny nasjonal rammeplan i 2006 (rammeplan for innhaldet og oppgåvene til barnehagen, RP). Nytt i denne utgåva var mellom anna vektlegginga av barnehagen som kulturarena.

Kultur som omgrep vert definert på denne måten (side 36): «Med kultur forstås vi her kunst og estetikk, felles åtferdsmønster, kunnskapar, verdiar, haldningar, erfaringar og uttrykksmåtar. Kultur handlar om arv og tradisjonar, om å skape og levandegjere, fornye og aktualisere. Kultur blir utvikla i spenninga mellom tradisjon og fornying. Både lokale og nasjonale kulturverdiar, slik dei speglar seg i oppvekstmiljøet til barna, må vere representerte i barnehageverksemda.» I denne delen av RP er også barnehagetilsette si rolle som kulturformidlarar understreka.

Kultur er som kjent, også i fylgje RP, eit mangfaldig omgrep. Tilsette i barnehagen kan hente mykje inspirasjon i RP, særleg under fagområdet Kunst, kultur og kreativitet. Mykje godt arbeid vert gjort i barnehagane, men mange saknar eit utfyllande tilbod som også rettar seg mot barn under skulealder.

I 2001 kom kultursatsinga for grunnskulen, den kulturelle skulesekken, DKS, inn på statsbudsjettet. DKS har etter kvart vorte eit godt innarbeidd tiltak som omfattar kulturell breidd, slik intensjonane var.

Fleire statlege styringsdokument innan kulturfeltet har nemnt ei tilsvarande ordning, som DKS, for barnehagane, men lite har skjedd frå statleg hald. Eit heiderleg unntak er opprettinga av Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa (2007), som også femner

barnehagar. NSKK delar mellom anna ut den nasjonale barnehageprisen for kunst og kultur årleg.

Det finst også fleire gode, lokale døme på organisering av eit breitt kunst- og kulturtilbod for førskulebarn, til dømes Bergen kommune sitt kunstformidlingsprosjekt *Den kulturelle bæremøisen*. Her møter det kunstfaglege det barnehagefaglege, og kunstnarar, barn og pedagogar arbeider saman i kreative prosessar.

Eit anna godt døme er *Sølvtråden* (Kongsberg kommune). Dette er den kulturelle skule- og barnehagesekken som omfattar alle kommunale og private barnehagar og skular i kommunen. *Sølvtråden* vert drifta av kulturetaten i kommunen i samarbeid med fleire lokale kulturinstitusjonar. *Sølvtråden* kan årleg tilby seks modular frå barna er i år. Modulane er forankra i dei seks elementa innanfor DKS: kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst, visuell kunst og film. Kongsberg kommune si kultursatsing på barn og unge har sterk lokal forankring.

Fleire barn enn nokon gong tidlegare har plass i barnehagen. Desse barna representerer eit mangfald; språkleg, kulturelt og sosialt. Barn har like stor glede og nytte som alle andre av eit mangfaldig kulturtilbod.

For barna vert det særst viktig at kulturtiltaka inneber høg grad av eigen deltaking. Det vil også auke barnehagetilsette sitt medvit om rolla som kulturformidlarar.

Lokale og/eller regionale løysingar er avhengige av kommuneøkonomi og prioriteringar. For nokre kan Norsk kulturråd vere ein god økonomisk støttespelar.

Medan vi ventar på statleg økonomisk satsing på den kulturelle barnehagesekken, får vi syte for å «fylle sekken» lokalt og regionalt med gode kulturløysingar.



TORILL SPERRE ER:
Førskulelærar/fagleg rettleiar og kulturarbeidar.

Følg oss på FACEBOOK OG TWITTER

Frå 2013 går Pirion vekk frå tingingsordning og trykt utgåve. Men me er framleis å lesa på pirion.no og i Fagbladet. Følg oss på [facebook/pirion](https://www.facebook.com/pirion) og [@avisapirion](https://twitter.com/avisapirion) på Twitter.

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no